

Referat frå Styremøte i Myrkdalen Landskapsark hjå Jorunn Hirth 25. sept 2008.

Desse møte: Terje Kvalfoss, Asbjørn Tveite, Maria Petterson, Torill Årnot, Jorunn Hirth, Per Backer, Knut Gjerde, Gudmund Furu

Sak 1: Evaluering av Myrkdalsmarsjen 7/9: Svært vellukka med fint ver, velsmakande lokal mat og 55 nøgde deltakarar. Neste gong: Finna ein annan trase, laga til marsjen litt tidlegare pga kalvingstid og snevra starttidspunktet inn til mellom 11 og 13.

Sak 2: Studieturen til Herand 28/9: Måtte avlysast pga for lite påmelding. Kanskje er dette også for seint på året.

Sak 3: Quiz: 1. runde vart halde i ungdomshuset 17/9 med 5 deltakande lag. To runder står att, og fleire lag kan melda seg på!

Sak 4: Status for stiar: Ikkje så mykje har vore gjort den siste tida, men det som er jobba med har vorte mykje brukt. Eit prosjekt som bør realiserast er kvisting av trase mellom Revhaugen og Kvanndalen. Ein må og sjekka opp korleis det ligg an med utbetaling av SMIL-midlar.

Sak 5: Opning av Myrkdalstunnelen: Gudmund har vore i kontakt med Vegvesenet, og dei er interesserte at me lagar til markering m/mat. Meir om dette seinare når dato vert endeleg fastsett.

Sak 6: T-skjortene: Resten av skjortene står til oppbevaring hjå Gudmund. Om lag halvparten er selde, vidare salg vert det ikkje før til neste år.

Sak 7: Arbeid framover:

- 1: Det bør arbeidast med planar for båt plass ved vatnet, på Nesheim.
- 2: Det er trong for større butikk i dalen. Sjølv om det etterkvart vert større tilbod i Landsbyen, er det så absolutt behov for butikk ved vegen "nede på flatane". "Bygdatun" med butikk er noko å jobba fram mot.
- 3: Handverksmesse i dalen? Kanskje vert det ikkje noko av messa i Sambygg dette året. Asbjørn sonderer om det er mogleg å laga ei lita salsmesse her oppunder jul.
- 4: Alle er einige om at Per gjer ein flott innsats med heimesida. 50 – 100 personar er innom sida dagleg. Dette er glimrande reklame for Myrkdalen.

Takk til Jorunn for god eplekake.

Neste styremøte i LP: Torsdag 6. november kl 20 hjå Per Backer.

Gudmund
-ref-